

Sjekkliste til arbeidsmiljølova (aml) for leiar av arbeidsplassen/verneområdet

Vedlegg 1
til P 04 - 07

Revisjon	2	Utarbeidd av:	Kari Anne Iversen
Side:	2	Godkjent av:	Helge Thorsen
av:	3	Frekhaug den:	21.07.10

Kryss av for ja eller nei. Kjem svaret i skravert felt, bør det sjekkast nærare i aml og/eller forskrift. Den utfylte sjekklista + utfylt S 04 – 04 skal arkiverast under punkt 03 i Arbeidspermen.

Dato for gjennomført kontroll: _____

PLIKTAR FOR ARBEIDSGJEVAR OG ARBEIDSTAKAR

		ja	nei	aml
01.	Er ansvarleg leiar av verneområdet/arbeidsplassen kjent med dei pliktene arbeidsgjevar har etter aml? (Sjå også IK- handboka for kap. 3, pkt. 3.3)			§ 2-1
02.	Har ansvarleg leiar gjennomgått opplæring i helse, miljø og tryggleiksarbeid? (min. ”40 timars-kurs”)			§ 3-5
03.	Er arbeidstakarar og arbeidsleiarar gjort kjent med den medverknadsplikta dei har?			§ 2-3

VERKEMIDLAR I ARBEIDSMILJØARBEIDET

04.	Vert det gjennomført systematisk helse, miljø og tryggleiksarbeid ved arbeidsplassen? (Sjå også IK-handboka kap. 2)			§ 3-1 (1)
05.	Vert fysisk arbeidsmiljø kartlagt gjennom årlege vernerundar? (Jf. P 04 – 08)			§ 3-1 (2)
06.	Vert risikotilhøve ved arbeidsplassen vurderte? (Jf. vedlegg 2 til P 04 – 08)			§ 3-1 (2)
07.	Vert det psykososiale arbeidsmiljøet undersøkt/kartlagt? (Jf. P 04 – 09)			§ 3-1 (2)
08.	Vert det laga årlege handlingsplanar – med bakgrunn i kartleggingsarbeidet? (Jf. 04 – 10 og S 04 – 11)			§ 3-1 (2)
09.	Vert det arbeid systematisk med førebygging og oppfølging av sjukefråvær? (Jf. P 04 – 19 m/vedlegg)			§ 3-1 (2)
10.	Vert arbeidstakarane gjort kjent med ulukkes- og helsefarar som kan oppstå i samband med arbeidet og får dei nødvendig opplæring, øving og instruksjon?			§ 3-2 (1)
11.	Har arbeidsleiarane nødvendig kompetanse, sett i høve til pkt 9?			§ 3-2 (1)
12.	Er ansvarleg leiar kjent med Meland kommune sitt system for bedriftshelseteneste og kva dei kan hjelpe med i HMT-arbeidet? (Sjå IK-handboka kap. 3, pkt. 3.13)			§ 3-3
13.	Er det lagt til rette for å kunne varsle om kritikkverdige tilhøve? (Jf. P 04 – 22 m/vedlegg)			§ 3-6

Sjekkliste til arbeidsmiljølova (aml) for leiar av arbeidsplassen/verneområdet

Vedlegg 1
til P 04 - 07

Revisjon	2	Utarbeidd av:	Kari Anne Iversen
Side:	2	Godkjent av:	Helge Thorsen
av:	3	Frekhaug den:	21.07.10

KRAV TIL ARBEIDSMILJØET (Sjå kap. 4 i IK-handboka m/prosedyrar)

		ja	nei	aml
14.	Oppfyller arbeidsplassen dei generelle krava til arbeidsmiljøet som vert sett i aml § 4-1?			§ 4-1
15.	Vert arbeidstakarar og tillitsvalde informerte om system som vert nytta ved planlegging og gjennomføring av arbeidet?			§ 4-2 (1)
16.	Er utforminga av den enkelte sin arbeidssituasjon i samsvar med aml § 4-2 (2)?			§ 4-2 (2)
17.	Vert det sytt for tilstrekkeleg informasjon og medverknad ved omstillingsprosessar?			§ 4-2 (3)
18.	Er arbeidet lagt til rette slik at den enkelte arbeidstakar sin integritet og verd ikkje vert krenka?			§ 4-3 (1)
19.	Har arbeidstakarane høve til kontakt og kommunikasjon med andre arbeidstakarar?			§ 4-3 (2)
20.	Vert arbeidstakarane utsette for trakassering eller annan utilbørleg framferd?			§ 4-3 (3)
21.	Er arbeidstakarane, så langt det er mogleg, verna mot vald, trugslar og uheldige belastingar som følgje av kontakt med andre?			§ 4-3 (4)
22.	Er arbeidsplassane innreia og utforma slik at arbeidstakarane unngår uheldige fysiske belastingar?			§ 4-4 (2)
23.	Har maskinar og anna arbeidsutstyr nødvendige verneinnretningar?			§ 4-4 (3)
24.	Vert kjemikalium eller biologisk materiale handtert i samsvar med aml § 4-5?			§ 4-5
25.	Har arbeidsplassen tilfredsstillande stoffkartotek med datablad på norsk?			§ 4-5 (4)
26.	Vert det utført arbeid som gjer det nødvendig med bruk av personleg verneutstyr?			§ 4-1
27.	Dersom ja på spm. 26– er personleg verneutstyr utdelt og vert det påsett at det vert brukt?			§ 4-1
28.	Vert det, så langt det er mogleg, lagt til rette for arbeidstakarar med redusert arbeidsevne som følgje av ulukke, sjukdom el. slitasje?			§ 4-6 (1)
29.	Vert det utarbeidd oppfølgingsplanar for tilbakeføring til arbeid?			§ 4-6 (3)
30.	Vert det kalla inn til dialogmøte om innhaldet i oppfølgingsplanen?			§ 4-6 (4)

ARBEIDSLOKALE/ARBEIDSPASSAR OG PERSONALROM

31.	Er belysninga tilfredsstillande på den enkelte arbeidsplass?			§ 4-1
32.	Er det utsyn frå alle faste arbeidsplassar?			§ 4-1

Sjekkliste til arbeidsmiljølova (aml) for leiar av arbeidsplassen/verneområdet

Vedlegg 1
til P 04 - 07

Revisjon	2		Utarbeidd av:	Kari Anne Iversen
Side:	2		Godkjent av:	Helge Thorsen
av:	3		Frekhaug den:	21.07.10

		ja	nei	aml
33.	Er inneklimaet forsvarleg med omsyn til temperatur, luftfukt og CO2-innhald?			§ 4-1
34.	Er det gitt nødvendig opplæring og laga prosedyrar for bruk og vedlikehald av ventilasjonsanlegg?			§ 4-1
35.	Er ordens-, reinhalds- og vedlikehaldsrutinane i arbeidsrom og personalrom tilfredsstillande?			§ 4-1

REGISTRERINGS- OG MELDEPLIKT

36.	Vert personskadar registrerte og melde gjennom avviksrapportar? (Sjå IK-handboka kap. 10)			§ 5-1
37.	Vert det ført statistikk over sjukefråværet ved arbeidsplassen? (Skal arkiverast under pkt. 11 i Arbeidspermen)			§ 5-1 (4)
38.	Vert melding om alvorlege personskader gitt i samsvar med aml § 5-2?			§ 5-2

VERNEOMBOD (Sjå også IK-handboka kap. 3, pkt 3.8 og 3.9)

39.	Har arbeidsplassen vald verneombod?			§ 6-1 (1)
40.	Er det gjort kjent på arbeidsplassen kven som til ei kvar tid fungerer som verneombod?			§ 6-1 (4)
41.	Har verneombodet fått nødvendig opplæring?			§ 6-5 (1)
42.	Har verneombodet nødvendig tid til å utføre arbeidet på ein forsvarleg måte?			§ 6-5 (2)

ARBEIDSORDNINGAR/ARBEIDSTID, ARBEIDSAVTALE M.M

43.	Er arbeidstidsordningane slik at arbeidstakarane ikkje vert utsette for uheldige fysiske eller psykiske belastningar?			§ 10-2
44.	Vert reglane for alminneleg arbeidstid og fritid overhalde?			§ 10-4
45.	Vert arbeidsplan /turnusplan utarbeidd i samarbeid med tillitsvalde?			§ 10-3
46.	Dersom det vert nytta overtid på arbeidsplassen, skjer dette då i samsvar med reglane i aml?			§ 10-6
47.	Har alle arbeidstakarane skriftleg arbeidsavtale, også dei som er tilsett mellombels/i vikariat?			§ 14-5
48.	Er alle arbeidstakarne kjende med MK sitt arbeidsreglement?			§ 14-16

ARBEID AV BARN/UNGDOM

49.	Har arbeidsplassen arbeidstakarar under 18 år?			Kap.11
50.	Dersom ja på spm. 49, vert det då sett til at reglane for arbeid av barn og ungdom vert følgde?			Kap.11